




Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Høyring. Omklassifisering av eksisterande E16 i samband med bygging av ny E16 på strekninga Slæen i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune.

Viser til motteke brev frå Statens vegvesen datert 26.6.2016, motteke 25.7.2016 samt brev med svar på søknad om utsett høyringsfrist, motteke 23.8.2016.

Statens vegvesen ber om synspunkt på framlegg om å omklassifisera eksisterande E16 frå nytt kryss ved Slæen i Hordaland fylke til nytt kryss ved Hylland i Aurland kommune frå europaveg til kommunal veg som vist i kart under..



Kart som viser eksisterande vegnett som skal omklassifiserast (svart heiltrekt og stipla line). Ny E16 (raud heiltrekt og stipla line) går størstedelen i tunnel.

Framlegget omfattar veg i dagen frå kryss til Stalheim fram til tunnelane, tunnelane med det rasutsette mellompartiet samt strekninga frå tunnelane ned til Aurland grense og vidare ned til Hylland, ei strekkja på 9,8 km totalt. Statens vegvesen er i gang med utarbeiding av reguleringsplan for ny tunnel som skal avløysa denne





strekking av E16. Reguleringsplanen er lagt ut på høring og omklassifiserings-saka skal handsamast av dei to fylkeskommunane før avgjerd i Vegdirektoratet.

I dag er den gamle Jordalsvegen stengt og ny Jordalsveg har avkøyring frå E16 i Aurland kommune. Vidare ligg det tre private vegar som har avkøyring til E16 nedom Stalheimskleiva i Voss kommune. Voss kommune har ein parsell frå Slæn til Stalheimsvegen (vel 1 km øvst i traseen) som evt vil vera naudsynt for å binde saman det kommunale vegnettet medan resten av eksisterande E16 ikkje har noko samband med kommunalt vegnett i Voss.

Voss kommune vil ikkje overta den omtalte vegstrekkinga med tunellane og det rasfarlege mellompartiet. Vi har, dersom det skulle bli ein realitet, berre behov for den øvre delen av parsellen frå kryss Slæn til kryss Stalheimsvegen, ei strekkje på vel 1 km. Voss kommune vil ikkje ha moglegheit, verken økonomisk eller praktisk, til å halda oppe tunnelane med det rasutsette mellompartiet. Skulle resultatet verta at kommunen må overta vegen, vil vi måtte stenge og plombere tunnelane og deler av vegstrekkinga.

Vegen er i høve argumentasjonen i høyringsbrevet viktig i beredskapssamanheng som omkøyringsveg for den nye, føreslåtte tunnelen. Området mellom Sivlesøyane og Hylland er svært rasutsett. I tillegg kjem det faktum at den gamle, historiske Stalheimskleiva med Sivlesfossen, som i dag er open for ferdsle sommarhalvåret, har tilkomst via dette vegnettet.

Voss kommune er av den klare oppfatninga at det ikkje er rett å overføra ansvaret for dagens E16 til kommunane når ny E16 i tunnel vert ein realitet på strekkja Slæn - Hylland. Kommunen har heller ikkje økonomi til å ta dette ansvaret.

Med helsing
Voss kommune
Kommunalavdeling Tekniske tenester

Torbjörg Austrud

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:
Aurland kommune
Ordføraren, Hans Erik Ringkjøb

Mottakar:
Statens Vegvesen Region Vest